



Hjelmås VVS AS
Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2480 - 16/22972

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
29.08.2016

Førebels svar - trong for tilleggskontroll gbnr 11/74 Hølleland.

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.08.2016.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4 og forureiningsforskrifta § 12-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Nabovarsel:

Kommunen kan ikkje sjå å ha mottatt gjenpart og kvittering for nabovarsel for omsøkt tiltak.

Plangrunnlaget:

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til byggeområde for fritidsbustadar. I følgje punkt 1.1 i føresegnene til planen er det krav om utarbeiding av reguleringsplan før omsøkte tiltak kan godkjennast. I tillegg vil tiltaket vera i strid med planen si byggjegrense mot sjø og også krevja dispensasjon frå denne.

Søknad om dispensasjon er ein skriftleg, grunngjeven søknad. Det må gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon.

Slamtømming:

Omsøkte avlaupsløysing krev at eigedomen kan knytast til den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår. Det må gå fram av innsende kart kor tømmebilen skal plasserast slik at vi kan vurdere om vilkåra for slamtømming er stetta, dvs maksimal avstand 100 meter frå køyrbar veg og 8 meter løftehøgde.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.10.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1 og forureiningsforskrifta § 12-5.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helge Løland

Lønborglien 343 5039

BERGEN

Mottakarar:

Hjelmås VVS AS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS